



**Styre:** Fakultetsstyret ved Det juridiske fakultet  
**Styresak:** 60/22  
**Møtedato:** 14.06.2022  
**Journalnummer:** 2022/1550

---

## ENDRING I ANTALL VEILEDNINGSTIMER PÅ JUS396 MASTEROPPGAVE (60 STP)

---

Studieutvalget behandlet i sitt møte den 01.06.2022 en sak om endring i opptaksgrunnlag, arbeids- og undervisningsformer, obligatoriske krav og vurderingsform i JUS396 Masteroppgave. Studieutvalget gjorde følgende vedtak:

---

### Sak 38/22

JUS396 Masteroppgåve – endring i opptaksgrunnlag, arbeids- og undervisningsformer, obligatoriske krav og vurderingsform

#### **Vedtak**

1. Opptaksgrunnlag, obligatoriske krav og vurderingsform i JUS396 Masteroppgåve endres i overensstemmelse med forslaget fra emneansvarlig fra og med høstsemesteret 2022.
2. Forslaget om oppjustering av antall veiledningstimer oversendes til fakultetsstyret med følgende **innstilling**:  
Studieutvalget oppfordrer fakultetsstyret til å bevilge de nødvendige ressurser til oppjustering av antall veiledningstimer på JUS395 Masteroppgave (60 studiepoeng).

---

Saken oversendes til fakultetsstyret til behandling av spørsmålet om oppjustering av antall veiledningstimer.

### Bakgrunn

Etter at emnet JUS397 Masteroppgåve (70 studiepoeng) forskarline vart oppretta, har det vore uvisse knytt til om det er ønskjeleg å vidareføre emnet JUS396 Masteroppgåve (60 studiepoeng). Dekanaten ved studiedekanen har no overfor den emneansvarlege avklart at det er ønskjeleg å ha JUS396 som eit alternativ for dei som ønskjer å skrive stor masteroppgåve, men som ikkje ønskjer å gjere dette innafor dei rammene som er lagt for emnet JUS397. Denne avklaringa opnar for at det kan gjerast visse endringar i opptaksgrunnlaget, og den emneansvarlege vil, etter dialog med studiedekanen, også foreslå visse endringar i vurderingsforma til emnet. Emneskildringa for JUS396 har fram til no i stor grad fram vore ein blåkopi av JUS399 Masteroppgåve (30 studiepoeng), noko som mellom anna har medført at informasjonen om korleis ein kan bli tatt opp på emnet, har vore uklar og misvisande. Vi legg difor fram forslag om endring i opptaksgrunnlag, arbeids- og undervisningsformer, obligatoriske krav og vurderingsform i emnet JUS396.

## Opptaksgrunnlag

Opptak på emnet JUS396 har skjedd etter søknad, og det har vore den emneansvarlege som har avgjort søknaden. Det har fram til no ikkje vore høve til å vektlegge anna enn den prosjektskissa som studenten har vedlagt søknaden om opptak, og den emneansvarlege har praktisert ei nokså streng vurdering av denne prosjektskissa for å sikre at prosjektet er eigna for stor masteroppgåve. Dette har skjedd på den måten at den emneansvarlege har sendt prosjektskissa til fagpersonar med særlege forutsetningar for å gjere ei inngående vurdering av prosjektet, og rutinemessig har studentane vorte bedt om å sende inn ein revidert prosjektskissa basert på tilbakemeldingane frå fagpersonen som har vurdert skissa. Forslaget no er at både eksamenskarakterane så langt i studiet og prosjektskissa skal inngå i vurderinga av søknaden om opptak. Etter forslaget er det eit krav om gode eksamenskarakterar, men utan den koplinga mot nivået for opptak på PhD-programmet ved fakultetet som gjeld for opptak på emnet JUS397. Det er eit medvite val. Når det derimot gjeld kravet til prosjektskissa, er forslaget at ein legg til grunn dei same krava som for prosjektskissa som skal leggest ved søknaden om opptak på emnet JUS397. Dette siste er neppe ei særleg endring samanlikna med praksis til no, sidan prosjektskissa ved søknad om opptak på emnet JUS396 allereie har vore underkasta ei streng vurdering. Det kan her nemnast at karakterstatistikken tilseier at kvaliteten på masteroppgåvene som blir levert inn av studentar som er tekne opp på JUS396 er på same nivå som kvaliteten på dei masteroppgåvene som blir levert inn av studentar som er tekne opp på emnet JUS397.

## Arbeids- og undervisningsformer

Undervisningstilbodet på emnet JUS396 skal vere det same som undervisningstilbodet på emnet JUS399, men med den forskjell at studentane får tilbod om 30 timar rettleiing. Dette er ein auke på ni timar samanlikna med dagens situasjon. Forslaget går vidare ut på at det i emneskildringa blir teke inn eit eksplisitt krav om at rettleiaren minst må ha førstestillingskompetanse. Dette er i tråd med slik praksis har vore på emnet JUS396 fram til no, men endringa er likevel ei viktig markering. All undervisning på emnet JUS396 er frivillig.

## Obligatoriske krav

Under punktet «obligatorisk undervisningsaktivitet» står både «påmelding med prosjektskisse» og «prosjektnotat» lista opp som obligatoriske krav. Vi foreslår å stryke innhaldet i dette punktet. Det nye opptaksgrunnlaget til emnet gjer at formålet med prosjektnotatet, nemleg at studentane skal kome i gang med skriveprosessen, fell bort. Studentane har allereie kome godt i gang med skriveprosessen og innlevering av prosjektnotatet vert kun eit administrativt sjekkpunkt utan fagleg meining. Vi har fått fleire spørsmål frå studentar på emnet som ikkje forstår kva dei skal levere og som grunngjev dette med at søknaden deira var meir utfyllande enn krava til prosjektnotatet. Vi foreslår og å stryke «påmelding med prosjektskisse» som obligatorisk krav, då studentane skal gjennom ein meir omfattande søknadsprosess. «Påmelding med prosjektskisse» er heller ikkje eit obligatorisk krav, men ein føresetnad for å bli meldt til emnet i utgangspunktet.

## Vurderingsform

Den emneansvarlege og studiedekanen har hatt ein dialog om vurderingsforma, og forslaget går ut på at den endelege karakteren i emnet JUS396 ikkje berre skal bygge på ei vurdering av den skriftlege prestasjonen, men at det også skal leggjast vekt på ein munnleg prestasjon. Juridisk fakultet ved Universitetet i Oslo har ei tilsvarende ordning, og forslaget til endring av emneskildringa for emnet JUS396 har i all hovudsak den same innretninga. Det er foreslått eit nytt punkt i læringsutbyttebeskrivelsen under «Ferdigheter» som tek opp i seg denne endringa. Ved klage på endeleg karakter, må det gjennomførast ny sensor av masteroppgåva, og det må gjennomførast ny muntleg prøve.

## Forslag frå emneansvarleg professor Bjørnar Borvik

Som følge av desse endringene foreslo den emneansvarlege etter samråd med studieadministrasjonen at all informasjon relatert til faggrupper/faggruppetilknytning blir tatt ut av emneskildringa. Det var vist til at faggruppeinndelinga primært er eit administrativt sorteringsverktøy knytta til emnet JUS399. Emnet JUS399 har kvart semester eit høgt tal studentar, og faggruppene er difor eit svært nyttig verktøy i arbeidet med å tildele rettleiarar og sensorar. For emnet JUS396, der studentmassen er liten og studentane får tildelt rettleiar basert på tema dei meldar inn ved eigen søknad, er det ikkje føremålstenleg å knytte studentane til faggrupper.

Saka ble handsama i Studieutvalet 01.06.22, og det ble gitt følgjande innstilling til Fakultetsstyret:

«Studieutvalget oppfordrer fakultetsstyret til å bevilge de nødvendige ressurser til oppjustering av antall veiledningstimer på JUS395 Masteroppgave (60 studiepoeng).»

## **Dekan og fakultetsdirektør merknader**

Dekan og fakultetsdirektør ser at det er ønskeleg å ha JUS396 som eit alternativ for dei som ønskjer å skrive stor masteroppgåve, men som ikkje ønskjer å gjere dette innafor dei rammene som er lagt for emnet JUS397. Vi gir derfor vår støtte til det forslaget om endring i opptaksgrunnlag, arbeids- og undervisningsformer, obligatoriske krav og vurderingsform i emnet JUS396.

Det ligg til fakultetsstyret å ta stilling til ressursbruken, og saka vert derfor lagt fram for fakultetsstyret til handsaming.

På denne bakgrunn vert det satt fram slikt

### **forslag til vedtak:**

1. Fakultetsstyret slutter seg til det fremlagte forslaget til endringer i opptaksgrunnlag, arbeids- og undervisningsformer, obligatoriske krav og vurderingsform i emnet JUS396.
2. Det gis tilbod om 30 timar rettleiing for studentar i emnet JUS396.

Karl Harald Søvig  
dekan

Øystein L. Iversen  
fakultetsdirektør

Vedlegg: emnebeskrivelse JUS396

07.06.2022

ANNNI/ØLI

## Vedlegg

### Revidert emnebeskrivelse JUS396 Masteroppgåve

#### Studiepoeng, omfang

60 studiepoeng

#### Studienivå (studiesyklus)

MA-nivå

#### Fulltid/deltid

Fulltid

#### Undervisningssemester

Høst og vår

#### Undervisningsstad

Det juridiske fakultet, UiB

#### Mål og innhald

Masteroppgaven skal være et selvstendig arbeid, som skrives under veiledning, hvor studenten/studentene selv har ansvaret for progresjonen i arbeidet. Etter søknad kan masteroppgaven være gruppearbeid. Slik søknad framsettes samtidig med søknad om å skrive stor masteroppgave.

Før skrivesemesteret inviterer fakultetet studenter på 3. og 4. studieår til orienteringsmøte om masteroppgave, og de fagansvarlige vil avholde fagmøter om skrivetilbudet innen sitt fagfelt. Studentene kan delta på flere fagmøter. Møtene er ikke forpliktende og de er ikke obligatoriske, men de er et svært nyttig grunnlag for beslutningen om fagområde for masteroppgaven.

#### Særlig om gruppearbeid

Masteroppgaven kan skrives som gruppearbeid av to studenter. Søknad om gruppearbeid leveres samtidig med søknad om opptak på emnet. Av søknaden må det gå fram hvordan studentene har tenkt å løse utfordringene som oppstår hvis samarbeidet ikke varer helt til levering.

Søknaden behandles av den emneansvarlige.

Gruppearbeid sensureres under ett til én felles karakter.

Sensurklage kan leveres individuelt. Eventuelt endring av karakter gjelder bare for den som har klaget. Hvis bare én av studentene har klaget, kan den andre studenten velge å tre inn i klagen innen 1 uke etter at første student leverte sin klage selv om oppsatt klagefrist er gått ut.

## Læringsutbytte

### Kunnskaper

Studenten skal tilegne seg

- avansert materiell kunnskap innenfor det fagfeltet masteroppgaven omhandler.
- avansert kunnskap om de særskilte metodiske utfordringene på fagområdet.
- kunnskap om de etiske spørsmålene som reises innen fagfeltet.
- avansert kunnskap om grunnleggende vitenskapsidealer, herunder krav til referanser og respekt for andres arbeider.

### Ferdigheter

Studenten skal være i stand til å

- utforme og analysere en rettslig problemstilling i samsvar med faglige idealer.
- bruke juridisk metode på en selvstendig måte.
- identifisere, formulere og drøfte rettslige problemstillinger, herunder å disponere stoffet i hovedproblemstillinger, argumentasjon og konklusjoner.
- skrive en selvstendig framstilling.
- orientere seg i tilfanget av kilder: finne relevante kilder, og selvstendig og kritisk skille kilder med akademisk tyngde fra andre.
- skille mellom rettsdogmatiske og rettspolitiske analyser i juridisk arbeid, herunder kritisk å vurdere gjeldende rett og drøfte behovet for endringer.
- gi en muntlig presentasjon av oppgavens hovedproblemstillinger og -funn, og delta i en faglig samtale om disse og om beslektede problemstillinger fra fag som har tilknytning til oppgaven.

### Generell kompetanse

Studenten skal etter gjennomført masteroppgave

- kunne anvende sine kunnskaper og ferdigheter på nye områder innenfor jussen.
- kunne formidle omfattende selvstendige arbeider og beherske jussens uttrykksformer, både skriftlig og muntlig.
- kunne bidra til nytenking og løsning på nye problemer.

### Krav til forkunnskaper

Søknad om opptak på [JUS396](#) Masteroppgave (60 studiepoeng) forutsetter at alle emner de fire første årene av masterstudiet i rettsvitenskap er bestått. Søknaden om opptak på emnet avgjøres på grunnlag av en samlet vurdering av de faglige prestasjonene og prosjektbeskrivelsen. Det kreves

gode eksamenskarakterer. Prosjektbeskrivelsen må oppfylle kravene som gjelder for prosjektbeskrivelsen som skal vedlegges søknaden om opptak på JUS397 Masteroppgåve (70sp) forskarline.

Ved eventuell overgang fra [JUS399](#) er det i tillegg krav om anbefaling fra veileder.

### **Tilrådde forkunnskapar**

Ingen

### **Studiepoengsreduksjon**

Ingen overlapp med emner ved Det juridiske fakultet.

### **Krav til studierett**

[MAJUR](#), [MAJUR-2](#)

### **Arbeids- og undervisningsformer**

Det avholdes forelesninger hvert semester for studenter som skriver masteroppgave. Forelesningene skal være et supplement til den individuelle veiledningen.

Det blir gitt 30 timers veiledning per student. Timetallet omfatter tiden veilederen bruker til lesing av utkast, utarbeiding av kommentarer og samtale med studenten/studentene. Rammene for veiledning presiseres ytterligere i [Studieplanen](#) om *Undervisningsmetodar og Rettleiing for masteroppgåva*.

Den emneansvarlige tilordner veileder. Veileder må minst ha førstestillingskompetanse. Eksterne veiledere må vurderes og godkjennes av fakultetet i henhold til Retningslinjer for valg og godkjenning av eksterne hjelpelærere og sensorer.

Det er studentens eget ansvar å oppsøke og nyttiggjøre seg veiledning samt sørge for fremdrift i arbeidet.

Det vises for øvrig til [Instruks for veiledere](#) for nærmere opplysninger.

### **Obligatorisk undervisningsaktivitet**

30 timer veiledning.

### **Vurderingsformer**

#### **Tema, problemstilling og ordgrense**

Tema og problemstilling for masteroppgaven skal framgå i søknaden om opptak. Senere endringer må skje i samråd med veileder.

For masteroppgave på 60 studiepoeng er veiledende ordgrense 30 000 ord. Oppgaver over 37 500 ord blir ikke sensurert. For oppgaver som skrives som gruppearbeid, øker ordgrensen med 75 %. Fot- og sluttnoter skal medregnes i ordgrensen. Forord, forside, innholdsfortegnelse, registre, litteraturliste og vedlegg medregnes ikke. Besvarelser som avvikes som følge av overskridelse av ordgrensen, må omarbeides og leveres et senere semester. Det gis ikke ekstra veiledning ved slik omarbeidelse.

Masteroppgaven innleveres elektronisk i Studentweb. Innlevert oppgave skal være anonymisert og paginert. Forsiden skal inneholde tittel på oppgaven, kandidatnummer, og antall ord inkludert fot- og sluttnoter.

### **Bedømmelse**

Endelig karakter fastsettes på grunnlag av masteroppgaven og den muntlige prøven. Før muntlig prøve får studenten oppgitt en foreløpig karakter.

Når det gjelder sensur av masteroppgaven, vises det til [utfyllande regler](#) om rettleiing og vurdering av masteroppgåver.

Den muntlige prøven skal som hovedregel ha en varighet på mellom 30 og 45 minutter, og begge sensorene skal delta. Ved den muntlige prøven kan studenten både bli eksaminert i de problemstillingene som oppgaven omhandler, og i beslektede problemstillinger fra fag som har tilknytning til oppgaven. Dersom masteroppgaven er skrevet som gruppearbeid, skal den muntlige prøven som hovedregel ha en varighet på ca. 60 minutter, og sensorene skal sørge for at begge studenter blir eksaminert. Bedømmelsen skal bygge på en samlet vurdering av studentenes muntlige prestasjoner (solidarsensur).

Studenter som har fått bestått karakter, kan ikke levere denne oppgaven eller annen oppgave til ny vurdering. Studenter som har fått vurdert en innlevert masteroppgave til ikke bestått, kan bare levere en oppgave til ny vurdering dersom den tar opp et annet tema eller er en vesentlig omarbeidet versjon av den tidligere innleverte oppgaven. Det gis inntil 15 timer ekstra veiledning etter søknad. Emnensvarlig avgjør om det skal oppnevnes ny veileder.

### **Hjelpemiddel til eksamen**

Ikke relevant for dette emnet.

### **Karakterskala**

A til E for bestått, F for ikke bestått.

### **Vurderingssemester**

Høst eller vår.

### **Litteraturliste**

Ikke relevant for dette emnet.

### **Programansvarleg**



Studieutvalget er delegert det koordinerende og overordnede ansvaret for fakultetets studietilbud, se Reglement for Det juridiske fakultet, § 9 pkt. 1.

**Emneansvarleg**

Professor Bjørnar Borvik

**Administrativt ansvarleg**

Det juridiske fakultet v/fakultetsdirektøren har det administrative ansvaret for emnet og studieprogrammet.

Administrativ kontakt: [masteroppgave@jurfa.uib.no](mailto:masteroppgave@jurfa.uib.no).